

Hordaland fylkeskommune

20 JUL 2015

Geir Sundal
Våkleivskogen 4, 5155 Bønes

Kopi til: Fylkeskonservatoren i Hordaland v/Roald Landøy

DRENERING FRAMOM EIGEDOMAR I HAVRÅTUNET, OSTERØY - ARBEIDSRAPPORT

Eg har utført arbeid for deg på kisteveit framom eigedomane i perioden 15. juni til 9. juli d.å. Arbeidet har gått ut på m.a. fylgjande: demontering av skadde delar, fjerning av masse, sporing av traseen og utforminga til kisteveita og oppattmuring/tilbakeføring. Frå naboeigedom på nedsida av bygdevegen er henta ein del heller til supplering av eksisterande materiale.

Oppgåvene ved restaurering av kisteveita er detaljert skildra av meg i tilstandsvurdering med vedlegg datert 01.012.14 og framlegg til arbeidsplan datert 16.05.15 og treng fylgjeleg ikkje å verta utdjupa her.

I tilstandsvurderinga vart det skissert tre strekkjer, A,B og C, der A gjekk frå parkeringsplassen opp til det opne stykket av veita (bekken) ovanfor Andersløa, der B gjekk vidare derfrå og opp til geila og C var partiet frå parkeringsplassen og inn til løa di nede ved parkeringa. Det arbeidet som no er rekna som ferdig, er på strekkjene A og C, jfr. arbeidsomfang avtalt med deg. Strekkja B står att.

Mål for arbeidet

Ein del av utfordringa med dette tiltaket har vore å gjera seg kjend med korleis kisteveita har vore bygd opp. Eit hovudmål har vore å få til ei funksjonell drenering i det aktuelle partiet av tunet, ei drenering som effektivt hindrar at vatnet frå bekken i periodar med sterk nedbør tek seg inn i bygningar eller elles gjer skade. Det har også vore viktig å gjenskapa det visuelle uttrykket av veita så godt som det har late seg gjera, jfr. at topphellene i veita i somme strekkjer ligg synlege i dagen og også kan seiast å fungera som stegheller, medan veita i andre parti ligg heilt løynd under bakkenivå. Det siste var t.d. tilfelle i strekkja C. Til hjelp i arbeidet vart hellene merkte etter kvart som dei vart tekne opp.

Praktisk gjennomføring

Som det tidlegare har vore påpeikt, m.a. i samband med vøling og derunder refundamentering av grunnmur under Andersløa, var kisteveita mange stader mykje skadd eller skipla. Dette har dels si årsak i tidas tann, men også i at det på 1990-talet (?) vart lagt ned nye røyrrer i grunnen i det aktuelle området, både kloakkrøyr dreneringsrøyr. Dreneringsrøyra, heile plastrøyr m/diameter 130 mm, var lagde ned i kisteveita og det var ofte berre fylt blandingsmasse inntil. Såleis var opninga i veita